

Hordaland fylkeskommune Plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Oversikt over selskap	8
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	9
3	Selskapskontroll 2016-2020	11
4	Gjennomføring av selskapskontroll	12
4.1	Framgangsmåte	12
4.2	Gjennomføring og rapportering	12

1 Innleiing

1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap fylkeskommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der fylkeskommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

Hordaland fylkeskommune har vedtatt at selskapskontrollen også skal omfatte:

- bompengeselskapa fylkeskommunen har eigarskap i (jf. fylkestingsak 13/06),
- fylkeskommunen sine tildelingar av tilskot eller næringsstøtte til verksemder, lag og organisasjonar (jf. fylkestingsak 17/05).

1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvise selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte fylkeskommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller fylkeskommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvise selskap. Eigarskapskontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader



1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Sannsynligheita for avvik og manglar er vurdert opp mot kor alvorleg konsekvensen av slike avvik og manglar er. To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. brukarperspektivet
2. fylkeskommunen sine økonomiske interesser

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessemøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i fylkeskommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap fylkeskommunen har eigarskap i. Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Formål	Eigardel
Beredt AS	Verksemda har som føremål å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting.	100%
Bergen Bompengeselskap AS	Verksemda sitt føremål er å stå for delfinansiering av vegutbygging i Bergen, administrasjon og innkrevjing av bompengar etter avtaler som blir inngått med staten etter samtykke frå Stortinget, jf. Vegloven § 27.	100%
Bybanen AS	Verksemda sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for Bybanen og Bybanen sitt skinnegåande materiell. Verksemda har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i samsvar til dei til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.	100%
Bystasjonen AS	Verksemda sitt føremål er planlegging og bygging av ny kollektivterminal, Bystasjonen, i Bergen sentrum, samt drift av kollektivterminalen og verksemd som står i samband med dette.	100%.
HFK Bussanlegg AS	Verksemda sitt føremål er å direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å leggje til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Verksemda er av allmennyttig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Verksemda sine eigendeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal brukast til verksemda sitt føremål.	100%
Valen Kraftverk AS	Verksemda sitt føremål er å drive produksjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til desse områda, under dette deltaking i andre verksemdar med liknande føremål.	100%
Askøy Bompengeselskap AS	Verksemda sitt føremål er å førestå delfinansiering av prosjekta i Askøypakken.	60%
Voss og omland bompengeselskap AS	Verksemda sitt føremål er å arbeida for realisering av følgjande vegprosjekt: Tunnel bak Vossevungen, Øvre Granvin/Voss grense, Palmefossen/Mønshaug, Heilårsamband Voss-Vik, ved mellom anna å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til delfinansiering av	57,10%

	dei nemnde vegprosjekta. Selskapet har ikkje til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbytte.	
Bømlo Vegselskap AS	Verksemnda si målsetting er å finansiere utbygginga av Bømlopakken, slik Bømlopakken er vedteken av Stortinget i St.prp. nr 78 (2008-2009) "om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland" og med eventuelt seinare vedtekte endringar.	53,30%
Hardangerbrua AS	Verksemnda sitt føremål er å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.	53,30%
Kvam Bompengeselskap AS	Verksemnda sitt føremål er å stå for bompengefinansiering/-oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt i Kvam Herad i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.	53,30%
Bergen-Os Bompengeselskap AS	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av vegutbygging E39 Svevatjørn-Rådal med utbygging av Rådalskrysset, bygging av tverrsamband til Lysefjorden, samt opprusting av fylkesvegnettet i Lysefjordområdet.	52,00%
Jondalstunnelen AS	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av tunnelsamband. Administrere innkrevjing av bompengar og forvalte bompengemidlar i samsvar med samtykke frå Stortinget og forvalte med Statens vegvesen jf. veglova § 27, under dette også forvaltning av bompengemidlar og anna verksemd som naturleg står i tilknytning med selskapet sitt føremål	52,00%
Odda Vegfinans AS	Verksemnda sitt føremål er å førestå delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelloysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekte kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet.	52,00%
AS Austevoll Bruselskap	Verksemnda sitt føremål er å planleggje og byggje bru-, tunnel- og vegprosjekt i Austevoll kommune.	51,00%
Grieghallen IKS	Verksemnda blei stifta i juni 2013, og fylkeskommunen eig det saman med Bergen kommune.	50,00%
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	Verksemnda skal leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdjar.	50,00%
Vestnorsk Filmsenter AS	Verksemnda sitt føremål er å bidra til ein faglig og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon.	50,00%
Nordhordlandspakken AS	Verksemnda sitt føremål er å arbeide for utbygging og standardheving på utvalde stamveggar, riksveggar og strategisk viktige tilførselsveggar i Nordhordland og Bergen nord.	40,00%
Business Region Bergen AS	Verksemnda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablerarteneste, profilering, marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, under dette å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment.	35,00%
Sunnhordland Lufthavn AS	Verksemnda sitt føremål er å planleggje, finansiere, opparbeide og drive lufthavn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	21,00%

2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Formål	Eierandel
Hordaland Teater L/L	Verksemnda sitt føremål er å drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Hordaland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatikk.	60,00%
Fastlandssamband Halsnøy AS	Verksemnda skal, etter at Stortinget har godkjent prosjektet Halsnøy-sambandet, ta opp og betale ned naudsynte lån	52,60%

	til prosjekt og syte for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjent ordning.	
Hardanger AKS AS	Verksemnda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, under dette å eige andre selskap med liknande føremål.	38,70%
AS Strandgaten 196	Verksemnda sitt føremål er oppføring og drift av eit forretningsbygg på Strandgaten 196 i Bergen og dermed samanhengande verksemd.	33,30%
Kveik AS	Verksemnda skal med ein inkluderande og open kultur skape grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablere bærekraftige tiltaksplassar.	23,30%
Bergen Vitesenter As	Verksemnda sitt føremål er å utvikle og drive eit populærvitenskapelig opplevings- og læringscenter for teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora, spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, under dette å delta i samarbeid med andre verksemder og føretak med liknande verksemd.	19,00%
AS Den Nationale Scene	Verksemnda sitt føremål er å drive teaterverksemd. Som statleg finansiert institusjon har verksemnda eit særlig ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser.	16,70%
Opero AS	Verksemnda sitt føremål er å gjennom fabrikkasjon og annan næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.	19,26%
Carte Blanche AS	Verksemnda sitt føremål er utvikle og formidle samtidsdans og anna nærliggjande verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal verksemnda produsere og presentere førestillingar av høgaste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans	15%
Sandvenhagen Næringsbygg AS	Verksemnda sitt føremål er å eige, investere og drifte fast eigedom, irekna alle investeringar som høyrer til slik verksemd. Selskapet er føretaksregistrert 22.10.2015. Selskapet var tidlegare Norheimsund Industrier AS	13,71%
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Verksemnda sitt føremål er å tilrettelegge for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet	9,70%
Fjord Norge AS	Verksemnda sitt føremål er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg arbeidast med sesongutviding.	8,90%
Atheno AS	Verksemnda sitt føremål er å fremje auka samarbeid innan industrien i regionen	3,10%
E134 Haukelivegen AS	Verksemnda skal arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23	3,10%
Biblioteksentralen SA	Verksemnda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	0,80%
Kommunekraft AS	Verksemnda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, under dette konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.	0,30%

3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følgjer prioriterte selskapskontrollar. Under kvar selskapskontroll er det foreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestillinga av selskapskontroll.

Prosjekt	Tema
1 Bybanen AS	<ul style="list-style-type: none">• Eigaroppfølginga• Drift• Gjennomføring av investeringar/ prosjekt/innkjøp/ kontraktsoppfølging• Samhandling med fylkeskommunale einingar
2 Grieghallen IKS	<ul style="list-style-type: none">• Eigaroppfølging• Drift• Regelverk for offentleg støtte
3 Beredt AS	<ul style="list-style-type: none">• Eigaroppfølging• Drift
4 Valen Kraftverk	<ul style="list-style-type: none">• Eigaroppfølging• Drift
5 Hardanger AKS AS	<ul style="list-style-type: none">• Oppfølging av gjennomført selskapskontroll

Dersom fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

4 Gjennomføring av selskapskontroll

4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

4.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til fylkesrådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til fylkesrådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til fylkestinget saman med rapporten.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.